

Vestland fylkeskommune

Att:

Postboks 7900

5020 Bergen

Fiskeridirektoratets uttale til høyring av planprogram for regional plan for areal og mobilitet – Vestland fylkeskommune

Vi viser til oversending datert 26.08.2025.

Regional plan for areal og mobilitet skal vere eit verktøy for strategisk samfunnsutvikling. Planen vil legge grunnlaget for ei berekraftig, attraktiv og konkurransedyktig utvikling i heile fylket, blant anna ved å fastsetje strategiske føringar for utbyggingsmønster i Vestland. Det blir lagt vekt på at natur- og klimakrisa krev ei ny arealforvaltning som tek omsyn til naturen si tolegrense. Planen skal utvikle prinsipp som balanserer behovet for arealbruk og infrastruktur med natur, landskap og ressursbruk.

Planen vil bygge på utfordringsområda i kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen i Vestland. Det er i planprogrammet gjort greie for kunnskapsgrunnlag, utgreiings- og vurderingsbehov for fire plantema: regional senter og infrastruktur, berekraftig arealforvaltning, mobilitet og transport, samt klimaomstilling og -tilpassing. For kvart plantema vil det bli gjort ei nærmare vurdering av kva verkemiddel som er mest formålstenleg. T.d. mål og strategiar, retningslinjer, planføresegner, handlingsprogram og regionale temakart.

Fiskeridirektoratets rolle i planarbeid

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal ta i vare fiskeri- og akvakulturnæringane sine interesser i planarbeid, inkludert marint biologisk mangfald.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging ligg til grunn for Fiskeridirektoratets medverknad i planlegginga.

Regjeringa forventar at kommunane legg berekraftsmåla til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Fiskeridirektoratets samfunnsoppdrag overlappar i stor grad med FNs berekraftsmål nummer 14 «Bevare og bruke havet og dei marine ressursane på ein måte som fremjar berekraftig utvikling». Sjømatproduksjon bidrar til å oppnå mattryggleik og betre ernæring, i samsvar med berekraftsmål 2 om å utrydde svolt. Berekraftig matproduksjon i

fiskeri og havbruk utgjør ein del av grunnlaget for nasjonal mattryggleik, jamfør Meld.St. 35 (2024-2025).

Fiskeri er ei naturbasert næring. I dei nasjonale forventningane er det forventa at det er lagt til rette for naturbaserte næringar. Dette er næringar som er viktige for verdiskaping, arbeidsplassar og busetnad i store delar av landet. Heilskapleg planlegging er nødvendig for å sikre ressursgrunnlaget for utvikling av naturbaserte næringar.

Utvikling innan akvakultur kan bidra til grøn omstilling. I dei nasjonale forventningane er det forventa at det blir lagt til rette for næringar som bidrar til grøn omstilling. Dette er næringar som er viktige for å skape fleire lønsame arbeidsplassar og for å auke den samla verdiskapinga og eksportinntektene. Regional planlegging er viktig for å legge til rette for grøn næringsutvikling.

Våre innspel til planarbeidet

Sjømatnæringane har stor betydning for verdiskapinga i Vestland. Vi meiner difor at fiskeri- og akvakulturnæringane, med tilhøyrande marine ressursområde, må integrerast i arbeidet med den regionale planen for areal og mobilitet. Det er viktig å sjå samanhengen mellom bruk av sjø og land, og sjå bruken av sjøareal på tvers av kommunegrenser. Vi ser positivt på at det skal utviklast kunnskap og føringar i eit regionalt perspektiv, som kommunane kan legge til grunn for si planlegging.

Berekraftig arealforvaltning er framheva som eit planetema i planprogrammet. Her står m.a. at areal er ein verdifull og avgrensa ressurs som må forvaltast med omsyn til både dagens og framtidige behov, og at utviklinga bør bli styrt der det vert størst nytte med minst mogleg konflikt.

Fiskeridirektoratet meiner at det er nødvendig å sjå bruk av land og sjø i samanheng, slik at vi kan oppnå ei best mogeleg føreseieleg utvikling og mogelegheit til å unngå arealkonflikt og negativ miljøpåverknad. Det som skjer på land kan gi konsekvensar for fiskeri, akvakultur og marine ressursar i sjø. Fleire marine naturtypar har ein økologisk funksjon som gøymestad og beiteplass for fisk. Desse tener som gyte-, oppvekst- og leveområde for fisk og er derfor viktige for fiskerinæringa. Ein del av desse naturtypane er å finne i grunne sjøområde, ved land, og er derfor sårbare for nedbygging. Ny aktivitet i eit område fører ofte til meir aktivitet. Det er difor viktig at omsynet til marine naturtypar i sjø blir teke med når ein legg føringar for ny aktivitet på land. Dette er spesielt viktig ved planlegging av hytte- og bustadtomter på land i tilknytning til sjø, eller småbåthamner, hamneanlegg, industri- og næringsområde, landbasert akvakultur og vann- og avløpsnett. Likeså ved permanente og midlertidige tiltak i sjø som t.d. akvakultur, mineralutvinning, bølgekraftverk, uttak av skjelsand, oppankringsområder, sprenging, mudring, utfylling, peling og dumping.

Eit regionalt perspektiv, ut over kommunegrensene, vil vere positivt for framtidig planlegging i sjøområda. Vi ser positivt på utvikling av kunnskap og retningslinjer som kan bidra til betre arealplanprosessar i kommunane.

Planarbeidet vil bli omfattande og planprogrammet inneheld ei grundig utgreiing om dei ulike plantema, med undertema. Under er våre innspel til planarbeidet strukturert etter dei ulike kapitla i planprogrammet som vi ønsker å gi innspel til.

Regionalt utbyggingsmønster

Ved nærare planlegging av det regionale utbyggingsmønsteret skal det utviklast ei retningslinje for lokalisering og utbygging av næring, handel, tenester, fritidsbustader og besøksaktivitetar, og ei retningslinje som sikrar omsynet til matjord, naturmangfald, friluftsliv, strandsoner og eksisterande infrastruktur. Vi meiner at ein her bør vere bevisste på omsynet



til fiskeri- og akvakulturnæringa. Lokalisering av ny aktivitet kan gi grunnlag for konflikt som på sikt kan medføre restriksjonar på fiskeri- og akvakulturnæringa. T.d. vil støy- og luktsensitive tiltak som bustader/fritidsbustader, hotell, restaurant, handel og servicenæring kunne føre til konflikt med næringa. Også omsynet til dei marine ressursane bør sikrast i slike retningslinjer. Dei same omsyna meiner vi vil vere viktige ved utforming av differensierte strategiar og retningslinjer for bustadutvikling i pressområde og i område med stagnasjon, under «bustadutvikling og bumiljø».

I planprogrammet er arealkrevjande næring definert som: «verksemd som treng store, samanhengande areal og ofte nærleik til infrastruktur som veg, hamn eller jernbane.» Det skal utviklast strategiar som sikrar tilstrekkeleg næringsareal med minst mogleg konsekvensar for klima, natur og miljø, samt regionale retningslinjer og verkemiddel for lokalisering og samordning av næringsareal med annan arealbruk, infrastruktur og transport. Ein kombinasjon av alle desse omsyna vil avgrense eigna areal for arealkrevjande næring langs kysten. For å unngå unødvendig auka press på det marine miljøet, meiner vi at det i denne samanhengen er viktig at eventuelle areal ved sjø blir prioritert til næring som har behov for denne koplinga, m.a. sjømatnæringa og andre servicefunksjonar til denne.

Under «mineral- og masseressursar» står det at planarbeidet skal utvikle regionale retningslinjer for skjelsand, som rettleiing og forventning til kystkommunane si arealplanlegging. Her vil vi gjere merksam på at skjelsand ofte er rikt på blautbotnsfauna, og fungerer som gyte- og oppvekstområde for fleire fiskeartar.

Blågrøne areal

Økosystemtenester som biologisk mangfald og matproduksjon er nemnt under «blågrøne areal». Her vil vi minne om å vere bevisst på at økosystemtenestene i sjø er viktige for fiskeri- og akvakulturnæringa. I samband med «natur og friluftsliv» skal det utviklast retningslinjer for å ta vare på natur, karbonrike areal, biologisk mangfald og landskap –både som ressurs for samfunnet og som eigenverdi. Vi meiner dette må sjåast i samheng med økosystemtenestene i sjø.

Under «kystnære sjøareal, strandsone og vassforvaltning» står det at planarbeidet skal gje grunnlag for ein heilskapleg planpolitikk for kystnære sjøareal i Vestland. Erfaringar frå den regionale kystsoneplanen for Sunnhordaland og Ytre Hardanger og den interkommunale sjøarealplanen for Nordhordland skal vurderast for overføringsverdi. Vidare står det at kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiing for arealbruk i sjø skal styrkast. Dette arbeidet trur vi vil vere viktig for å sikre fiskeri- og akvakulturinteressene, med tilhøyrande marine ressursar og marint miljø. Eit reint og rikt hav, som ikkje er forureina og som har eit rikt biologisk mangfald, er ein føresetnad for sjømatnæringane. God planlegging er nødvendig for at menneskeleg aktivitet i så liten grad som mogeleg skal påverke kystsona og livet i havet negativt. Gyte-, oppvekst og beiteområde har behov for beskyttelse både mot arealbeslag og mot tiltak som har negative konsekvensar for naturforhold i og ved områda.

Vi meiner at der er viktig at sjømatnæringane, som er viktige for mattryggleiken, blir inkludert i arbeidet for å redusere sårbarheit i infrastruktur og sikre klimatilpassing i arealforvaltninga, jf. «naturfare og klimatilpassing».

Energi

I planprogrammet står det at: «Overgang til fornybar kraft er ein premiss for at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og nå måla om lågare klimagassutslepp.» og vidare at «Ved å integrere energiomsyn i arealforvaltninga, kan vi også fremje betre utnytting av overskotsvarme, redusere konflikhtar med annan arealbruk, og legge til rette for energitilgang til kraftkrevjande næringar.» Berekraftig verdiskaping og lønnsam næringsaktivitet er viktig



for sjømatnæringane. Vi meiner at sjømatnæringane må inkluderast når det blir lagt til rette for grøn omstilling.

Kunnskapsgrunnlag og skildring av konsekvensar

Dersom det er behov for generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur, vil vi opplyse om at Fiskeridirektoratet har samla si generelle planretteleiing om fiskeri og akvakultur på nettsida [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](https://fiskeridir.no/arealplaner). Der informerer vi og gjev råd om mellom anna:

- arealbehovet til sjømatnæringane
- kunnskapsgrunnlaget i kartløysninga «Yggdrasil»

Vidare planprosess

Fiskeridirektoratet ber om at våre innspel blir tatt med og vurdert nærare i planarbeidet. Vi ønsker Vestland fylkeskommune lykke til med arbeidet og ser fram til vidare deltaking i planprosessen.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Cecilie Marie Åshamar
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen

Kopi til:Kystverket
Sjømat NorgePostboks 1502
Postboks 5471
Majorstua6025
0305Ålesund
OsloStatsforvaltaren i Vestland
Sør-Norges FiskarlagNjøsavegen 2
Postboks 9366863
6001Leikanger
Ålesund